

# Rapport Leik og lær

## Bakgrunn til prosjektet:

Helsestasjonen i Bømlo kommune informerte biblioteket om eit behov for tilbod til minoritetsspråklege mødrer og fedrar som er heime med små born. Fleire mødrer og fedrar får avbrot i språkopplæringa og introduksjonsprogrammet sitt i samband med permisjonar knytt til barnefødslar. Denne gruppa har behov for eit tilbod der dei kan komme seg ut med ungane , treffe folk og gjerne lære/praktisere norsk.

## Vi søkte om støtte frå prosjektet Rom for møter for å:

Starte eit mor/barn treff med i biblioteket på dagtid. Vi hadde avtale med to frivillige som ønska å drive dette tilboden, og som hadde erfaring med språkopplæring frå yrkeslivet. Det var viktig at vi hadde eit tilbod både til ungane og dei vaksne. Vi knytte til oss to pensjonerte lærarar som ønskete å jobbe som frivillige.

Før oppstart kjøpte vi inn ulike hjelpeemidlar til språkopplæring, utstyr og leikar til barn. Dei frivillige brukte god tid på å førebu seg og sette seg inn i bruken av nytt språkopplæringsmateriell og utstyr.

## Leik og lær:

Dei frivillige hadde Leik og lær samling kvar torsdag. Det var ofte berre 1 eller 2 deltagarar (pluss deira barn) som møtte. Dei brukte lesesalen i biblioteket og hadde alt utstyret ståande der, stellebord, leikar og anna. Dei frivillige var ivrige og ønskete at vi reklamerte enda meir for tilboden. Vi hadde annonser på nett, i avis og plakatar. Vi hadde tett kontakt med helsestasjonen og sidan dette er eit intergreringsopplegg inviterte vi alle heimeværande mødrer og fedrar til treff i biblioteket.

Dette resulterte i at det kom 13 damer i morspermisjon til treffet. Dette vart veldig overveldande for dei frivillige, og etter dette treffet ville dei ikkje vere med som frivillige lengre.

Dette var veldig synd og vi sa til dei frivillige at vi kan dele opp gruppa slik at dei som ikkje er der for språkopplæring kan være i eit anna rom. For integreringa sin del var det ein gunstig situasjon at det kom så mange norskspråklege, men dei frivillige tykte det blei for mykje, det var ikkje dett dei hadde sett for seg.

## Status i dag:

I dag har vi ikkje Leik og lær grupper i biblioteket. Vi nytta derimot utstyret og leikane vi kjøpte inn til språkkafe. Vi har språkkafe kvar torsdag og då kjem det innvandrarar med barn som nyttar utstyret og leikane vi har kjøpt inn.

Vi vil gjerne få til Leik og lær i framtida, og jobber med å knytt til oss nye frivillige.

Den viktigaste lærdomen er å ha god kommunikasjon og forventningsavklaring med dei frivillige. Vi hadde i alt 12 Leik og Lær samlingar i biblioteket i løpet av hausten 2017.

## **Budsjett Leik og lær**

### **Utgifter:**

Utstyr og leiker	7871
Utstyr og leiker	14471
I pad med program 3 stk	11000
Annonse	1122
Servering	536

<b>SUM</b>	<b>35000 ,-</b>
------------	-----------------

### **Inntekter:**

Støtte fra Rom for møter	35 000,-
<b>Sum</b>	<b>35 000</b>